

NYNORSK FOR STUDENTAR



Dette vesle heftet er tenkt som «naud-hjelp» til studentar som slit med å finna fram i den nynorske urskogen. Heftet er ikkje ei fullgod innføring i nynorsk grammatikk eller nynorsk rettskriving, og det er heller ikkje ei utførleg nynorsk ordliste eller ei lærebok i nynorsk stil og målføring. Dette heftet er ikkje anten det eine eller andre, men litt av alt.

Vi har to jamstelte skriftmål i Noreg, og derfor bør vi vera i stand til å ordleggja oss godt og greitt på begge måla. No er det dessverre slik at mange studentar (og tilsette?) berre har lært korleis dei skal STAVA og BØYA nynorske ord, ikkje korleis dei skal LEGGJA dei nynorske orda til rettes i ei setning. Mange slit òg med å FINNA dei rette orda. Då seier det seg sjølv at det vert vanskeleg og tidkrevjande å skriva oppgåver, eksamenar, artiklar og andre tekster på nynorsk.

Dette heftet skal vonleg gjera det litt lettare for deg å skriva nynorsk. Sidan heftet er ei rettleiing, og ikkje ei innføring, bør du ha grunnleggjande kunnskap om nynorsk grammatikk før du set i gang. Du treng ikkje lesa heftet frå A til Å. Bruk det gjerne som oppslagsverk. Det første kapitlet gjev eit oversyn over ymse uregelrette substantiv i det nynorske målet. I det andre kapitlet finn du eit utval substantiv, pronomen og verb som vi har lett for å bøya gale.

Det tredje kapitlet er ei liste over ord og omgrep som vi har god bruk for i drøftande og akademiske tekster om språk og litteratur, men som det kanskje ikkje er so lett å finna fram til på eiga hand.

Det fjerde kapitlet er det største og kan henda det viktigaste: Her får du hjelp til å ordleggja deg lett og greitt på nynorsk. Kapitlet har rikeleg med døme på korleis vi kan gjera om tungt og snirklet bokmål til lett og god nynorsk.

Mykje i dette fjerde kapitlet kan forresten vera nyttig når du skriv bokmål òg. Sjølv er eg oppvaksen med bokmål som hovudmål, og dermed har eg litt greie på kva som går i ball når ein «bokmåling» skal skriva nynorsk. Eg trur jamvel at eg har nokre tips og triks å læra bort. Om du vil ha endå fleire tips og triks, kan du hoppa til kapittel fem og kikka på litteraturlista der.

Til sist må eg tipsa om mitt eige, vesle nettkurs i nynorsk. Det finn de på heimesidene til Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap ved NTNU, her:
<http://www.ntnu.no/inl/forstud>.

*Kristin Fridtun
Trondheim, februar 2011*

1. Uregelrette substantiv

- 1.1. Hankjønnsord
- 1.2. Hokjønnsord
- 1.3. Inkjekjønnsord
- 1.4. Tvikjønna ord

2. Substantiv, pronomen og verb som vi har lett for å bøya gale

- 2.1. Substantiv
- 2.2. Pronomen
- 2.3. Sterke verb
- 2.4. Linne verb

3. Vanlege ord og omgrep

- 3.1. Alfabetisk ordliste
- 3.2. Vanlege «akademiske» verb
- 3.3. Faste ordlag til bruk i oppgåver m.m.
- 3.4. Faste ordlag til drøftande tekster

4. Nynorsk målføring

- 4.1. Nynorsk stil på 1-2-3
- 4.2. Passiv

4.3. Genitivs-s**4.4. Substantivsykja – rota til alt vondt****4.5. Fyllord og «i forhold til»****5. Nyttig lesnad og gode hjelpe middel**

Tillegg: Samsvarsbøyning

1. Uregelrette substantiv

Oppfrisking først: «Vanlege» substantiv med regelrett bøyning går soleis:

Regelrette hankjønnsord går som gut: (ein) gut – guten; guitar – gutane

Regelrette hokjønnsord går som jente: (ei) jente – jenta; jenter – jentene

Regelrette inkjekjønnsord går som hus: (eit) hus – huset; hus – husa

Her skal vi først og fremst sjå på dei uregelrette substantiva.

1.1. Hankjønnsord

Tre grupper med hankjønnsord har endinga -er i ubunden form fleirtal og -ene i bunden form fleirtal, slik som dei regelrette hokjønnsorda har. Det gjeld

alle hankjønnsord som endar på -nad og -a:

- (ein) månad – månaden; månader – månadene
- (ein) søker – søkeren; søkerer – søkerne
- (ein) skilnad – skilnaden; skilnader – skilnadene
- (ein) pizza – pizzaen; pizzaer – pizzaene
- (ein) sofa – sofaen; sofaer – sofaene

Andre vanlege -nad-ord: innverknad, lagnad, merknad, stønad, dugnad, kostnad, bunad o.fl.. Andre vanlege -a-ord: arena, kollega, opera, paprika, villa, rassia, flora o.fl.

hankjønnsord som dannar fleirtal ved i-omlyd, til dømes:

- (ein) bonde – bonden; bønder – bøndene
- (ein) fot – foten; føtter – føtene
- (ein) son – sonen; søner – sønene
- (ein) bror – broren; brør – brørne
- (ein) mann – mannen; menn/menner – mennene

hankjønnsord frå den norrøne i-klassa (her er -ar og -ane sideformer¹):

- (ein) gong – gongen; gonger – gongene
- (ein) ven – venen; vene – venene
- (ein) stad – staden; stader – stadene
- (ein) gjest – gjesten; gjester – gjestene

Andre ord med same bøyning: bekk, benk, kvist, føremón, medlem, rygg, streng, vegg o.fl..

¹ Sideform er det same som klammeform. Nemninga klammeform kjem av at desse formene ofte står i klammer i ordbøkene, til dømes slik: gjest -en, -er [-ar], -ene [-ane]. Gjester er hovudform, gjestar er sideform. Hovudformene er òg kalla læreboknormalen av di det er hovudformene som er nytta i lærebøker (og i alle andre tekster frå staten).

1.2. Hokjønnsord

To grupper med hokjønnsord har endinga -ar i ubunden form fleirtal og -ane i bunden form fleirtal, slik som dei regelrette hankjønnsorda har. Det gjeld

alle hokjønnsord som endar på -ing, og dei fleste som endar på -ning:

- [ei] meining – meinings; meinings – meiningsane
- [ei] rettleiing – rettleiings; rettleiings – rettleiingsane
- [ei] hending – hending; hending – hendingane
- [ei] setning – setnings; setnings – setningsane

Merk: Ei rad vanlege ord og ei stor mengd fagtermar er slike -ing-ord, sjå punkt 3.1.

ei lita gruppe hokjønnsord (her er -er og -ene sideformer):

- [ei] elv – elva; elvar – elvane
- [ei] helg – helga; helgar – helgane
- [ei] øy – øya; øyar – øyane
- [ei] øks – øksa; øksar – øksane

Andre ord med same bøyning: hei, herd, merr, myr, móy, reim, røys, seter, øks, øy, vik o.fl.

1.3. Inkjekjønnsord

To grupper med inkjekjønnsord har ei særmerkt bøyning. Det er dei tre orda auga, øyra og hjarta (jf. den linne u-klassa på norrønt).

Desse tre orda har to jamstelte (dvs. valfrie) bøyningar:

- anten: (eit) auga - auga - augo - augo / eller: (eit) auge - auget - auge - auga
- anten: (eit) hjarta - hjarta - hjarto - hjarto / eller: (eit) hjarte - hjartet - hjarte - hjarta
- anten: (eit) øyra - øyra - øyro - øyro / eller: (eit) øyre - øyret - øyre - øyra

framandord som endar på -um, -eum og -ium (gjeld ikkje stoffnamn på -ium):

- (eit) museum – museet; museum – musea
- (eit) medium – mediet; medium – media
- (eit) studium – studiet; studium – studia
- (eit) faktum – faktumet; faktum eller fakta – faktuma eller fakta(a)
- (eit) forum – forumet; forum eller fora – foruma eller foraa(a)

Andre ord med same bøyning: auditorium, evangelium, imperium, pensum, stadium o.fl.

1.4. Tvikjønna ord

Somme ord har valfritt kjønn, det vil seia at du kan velja om du vil nytta og bøya orda som hankjønnsord eller som hokjønnsord, som hankjønnsord eller som inkjekjønnsord. Orda fylgjer regelrett böying. Pass på at ordet har same kjønn i heile teksta di. Skriv anten stammen eller stamma, anten teksten eller teksta.

- Desse orda kan du bøya anten som hankjønnsord eller som hokjønnsord: tekst, klasse, kulde, plante, stamme, prøve, grad, art, kunst, maskin, pakke o.fl..
- Desse orda kan du bøya anten som hankjønnsord eller som inkjekjønnsord: agens, glid, kyss, bruk, nikk, trykk, stopp o.fl..

2. Substantiv, pronomen og verb som vi har lett for å bøya gale

Her kjem eit lite oversyn over ord vi ofte bøyer eller stavar gale, og som vi derfor må merka oss særskilt.

2.1. Substantiv

Merk deg at...

...bodskap (bokmål: budskap) er hankjønnsord på nynorsk:

ein bodskap – bodskapen; bodskapar – bodskapane

...dialekt er hankjønnsord på nynorsk:

ein dialekt – dialekten; dialektar – dialektane

...form er hokjønnsord på nynorsk:

ei form – forma; former – formene

...utsegn (bokmål: utsagn) er hokjønnsord på nynorsk:

ei utsegn – utsegna; utsegner – utsegnene

...inkjekjønnsord ikkje har ending i ubunden form fleirtal:

Døme: Det finst fire eksempel på... (bokmål: fire eksempler)

Døme: Frampeik er eit av mange verkemiddel i romanen (bokmål: mange virke-midler)

Døme: På sceneveggen heng to bilete av Ibsen (bokmål: to bilder)

2.2. Pronomen

Fyrst dei personlege pronomena. Dei er jamt over godt kjende og greie å ha med å gjera, men du skal særskilt merka deg desse formene (formene med 'el' er jamstelte former):

<i>eintal</i>	<i>subjektsform</i>	<i>objektsform</i>
3. person	ho	ho el henne
<i>fleirtal</i>	<i>subjektsform</i>	<i>objektsform</i>
1. person	vi el me	oss
2. person	de	dykk
3. person	dei	dei

Døme: Skjønar de kva eg meiner? (bokmål: Skjønner dere hva eg mener?)

Døme: No må de skunda dykk. (bokmål: Nå må dere skynde dere.)

Døme: Dei gjekk på kino. (bokmål: De gikk på kino.)

Døme: Eg såg dei i går. (bokmål: Jeg så dem i går.)

So kjem eigedomspronomena, og orda du skal passa godt på er merkte med feit skrift:

<i>eintal</i>	<i>m</i>	<i>f</i>	<i>n</i>	<i>fleirtal</i>
1. person	min	mi	mitt	mine
2. person	din	di	ditt	dine
3. person	hans	hennar	det sitt/sin/si	deira
<i>fleirtal</i>				
1. person	vår	vår	vårt	våre
2. person	dykker	dykker	dykker	dykker
3. person	deira	deira	deira	deira

Døme: Eg fann jakka hennar . (bokmål: Jeg fant jakka hennes.)

Døme: Såg du stova deira? (bokmål: Så du stua deres?)

Døme: Hugs bøkene dykker. (bokmål: Husk bøkene deres.)

Døme: Kvar er boka mi? (bokmål: Hvor er boken min/boka mi?)

Døme: Romanen hennar kom ut i år. (bokmål: Romanen hennes kom ut i år.)

Døme: Oppgåvene dykker var gode. (bokmål: Oppgavene deres var gode.)

Andre pronomen

Ofte er det vanskeleg å hugsa på at somme pronomen har endinga -a i hokjønn:

Døme: Inga sol var å sjå.

Døme: Nei, det var ei anna bok.

2.3. Sterke verb

Her er nokre vanlege verb vi skal merka oss. Som vanleg er formene vi oftast skriv gale merkte med feit skrift.

Merk: I dette heftet nyttar eg a-infinitiv, men på nynorsk kan du velja mellom infinitiv på -a (vera, springa) eller -e (vere, springe) eller kløyvd infinitiv (vera, springe). Du avgjer sjølv kva slags infinitivsform du vil nyitta, men ver konsekvent og pass på så du ikkje skifter mellom t.d. a-infinitiv og e-infinitiv i den same teksta.

infinitiv	notid (presens)	fortid (preteritum)	ferdig notid (perfektum)
halda	held	heldt	halde/haldi
vera	er	var	vore/vori
skriva	skriv	skreiv	skrive/skrivi
lesa	les	las	lese/lesi
bli	blir	blei	blitt
koma	kjem	kom	kome/komi
trenga	treng	trong	trunge/trungi
la	lèt	lét	late/lati
setja	set	sette	sett

Døme: Han heldt eit glas i kvar hand.

Døme: Dei har vore med kvart år.

Døme: Ho las dikt kvar dag.

Døme: Vi blei slitne på turen.

Døme: Albumet kjem ut i morgen.

Døme: Han trong hjelp med bilen.

Døme: Mor lèt oss ikkje koma inn.

Døme: Dei lét det skura og gå.

Døme: Ho sette pris på omtanken.

(bokmål: Han holdt et glass i hver hånd.)

(bokmål: De har vært med hvert år.)

(bokmål: Hun leste dikt hver dag.)

(bokmål: Vi ble/blei slitne på turen.)

(bokmål: Albumet kommer ut i morgen.)

(bokmål: Han trengte hjelp med bilen.)

(bokmål: Mor lar oss ikke komme inn.)

(bokmål: De lot det skure og gå.)

(bokmål: Hun satte pris på omtanken.)

2.4. Linne verb

Vi skil mellom a-verb (kastar - kasta - har kasta) og e-verb (lyser - lyste - har lyst).

Regel: Når verbet har a-ending i fortid (kasta), har det a-ending i notid (kastar).

Regel: Når verbet e-ending i fortid (lyste, levde), har det e-ending i notid (lyser, lever).

Vi kan ikkje blanda desse verba, og til dømes skriva *lysar i notid, og lyste i fortid. An-ten a både i notid og fortid, eller e både i notid og fortid. Når vi skriv nynorsk, har vi lett for å bøya altfor mange verb som a-verb. Men ikkje alle nynorske verb er a-verb!

Ikkje slik: Eg studerar nordisk.	Men slik: Eg studerer nordisk
Ikkje slik: Manger bøyar ordet feil.	Men slik: Mange bøyer ordet feil.
Ikkje slik: Mor arbeidar på skulen.	Men slik: Mor arbeider på skulen.
Ikkje slik: Eg ynskjar meg ein hund.	Men slik: Eg ynskjer meg ein hund.
Ikkje slik: Ho leia firmaet i ti år.	Men slik: Ho leidde firmaet i ti år.
Ikkje slik: Eg har presentera opplegget.	Men slik: Eg har presentert opplegget.

Merk 1: Ord med infinitiv som endar på -era (studera, diskutera) er alltid e-verb:

infinitiv	notid (presens)	fortid (preteritum)	ferdig notid (perfektum)
studera	studerer	studerte	studert
reflektera	reflekterer	reflekterte	reflektert
formulera	formulerer	formulerte	formulert
problematisera	problematiserer	problematiserte	problematisert
presentera	presenterer	presenterte	presentert
introdusera	introduserer	introduserte	introdusert
konkludera	konkluderer	konkluderte	konkludert
filosofera	filosoferer	filosoferte	filosofert
vurdera	vurderer	vurderte	vurdert
nyansera	nyanserer	nyanserte	nyansert
variera	varierer	varierte	variert
abstrahera	abstraherer	abstraherte	abstrahert
diskutera	diskuterer	diskuterte	diskutert

Merk 2: Desse vanlege verba er e-verb, ikkje a-verb eller sterke verb (som på bokmål):

infinitiv	notid (presens)	fortid (preteritum)	ferdig notid (perfektum)
arbeida	arbeider	arbeidde	arbeidd/arbeidt
byta	byter	bytte	bytt
bøya	bøyer	bøyde	bøygd/bøygt
dekkja	dekkjer	dekte	dekt
hjelpa	hjelper	hjelpte	hjelpt
knyta	knyter	knytte	knytt
leia	leier	leidde	leidd/leitt
sleppa	slepper	sleppte	sleppt
styrka	styrkjer	styrkte	styrkt
svekkja	svekkjer	svekte	svekt
treffa	treffer	trefte	treft
trekkja	trekkjer	trekte	trekt
tyda	tyder	tydde	tydd/tydt
ynskja	ynskjer	ynskte	ynskt

Døme: Eg hjelpte henne med leksene.	(bokmål: Jeg hjalp henne med leksene.)
Døme: Ho har treft ein fin fyr.	(bokmål: Hun har truffet en fin fyr.)
Døme: Dei har bøygt orda rett.	(bokmål: De har bøyd/bøyet ordene rett.)
Døme: Ho sleppte alt ho hadde.	(bokmål: Hun slapp alt hun hadde.)
Døme: Han trekte seg frå vervet.	(bokmål: Han trakk seg fra vervet.)

3. Vanlege ord og omgrep

Mange av omgrepene vi nyttar i språk- og litteraturvitenskapen kjem frå gresk eller latin. Desse omgrepene skal vi bruka på nynorsk òg. Hit høyrer mellom anna stil, tradisjon, lingvistisk vending, karakter, tragedie, subjekt og så bortetter. Det vi bør styra unna, er typiske «bokmåls-akademiske» ordlag som redegjøre for, med hensyn til, av stor betydning og liknande. Andre gonger det er berre ein liten skilnad vi skal passa på, som i skuespill/skodespel eller helhet/heilskap.

3.1. Alfabetisk ordliste

Her kjem ei lita liste med nokre av orda du kan få bruk for når du skriv om språk og litteratur. Til venstre og i feit skrift står bokmålsorda, til høgre står nynorskordene. Somme stader har eg teke med «sjølvsagde» ord der forma og det grammatiske kjønnet er likt både på bokmål og nynorsk. Andre stader er skrivemåten eller kjønnet annleis – eller orda er helt ulike. Merk at nokre av bokmålsorda er tillatne på nynorsk òg, t.d. anbefaling og bevis. Etter dei nynorske orda er kjønnet oppført i parentes: m. er hankjønn, f. er hokjønn, n. er inkjekjønn.

Merk: Hokjønnsord skal ha ending på -a i bunden form eintal (forma, ikkje *formen).
Merk: Hokjønnsord på -ing har endingane -ar og -ane i fleirtal (setningar – setningane).
Merk: Inkjekjønnsord har inga ending i ubunden form fleirtal (mange område, mange biletene).

advarsel	åtvaring (f.)	erfaring	røynsle (f.), erfaring (f.)
analyse	analyse (m.)	erkjennelse	sannkjenning (f.)
anbefaling	tilråding (f.)	figur	figur (m.)
anelse	aning (f.)	forbehold	atterhald (n.)
anførselstegn	hermeteikn (n.)	forberedelse	førebuing (f.)
anledning	høve (n.)	forbilde	førebilete (n.), føredøme (n.)
antagelse	meining (f.); tru (f.)	forbindelse	samband (n.)
antall	mengd (f.), tal (n.)	forelesning	førelesing (f.)
anvisning	tilvising (f.)	forfatter	forfattar (m.)
avgjørelse	avgjerd/avgjersle (f.)	form	form (f.)
avledning	avleiring (f.)	forskjell	skilnad (m.), forskjell (m.)
avslutning	avslutning (f.)	forskning	forsking (f.)
begrensning	avgrensing (f.)	forståelse	forståing (f.), skjøn (n.)
begrep	omgrep (n.)	forteller	forteljar (m.)
begrunnelse	grunngjeving	fortelling	forteljing (f.)
begynnelse	byrjing (f.), fyrstning (f.)	fotnote	fotnote (m.)
bekreftelse	stadfesting (f.)	frase	frase (m.)
beskrivelse	skildring (f.)	fravær	fråvere (f.), fråvære (n.)
betingelse	vilkår (n.)	følelse	kjensle (f.)
betydning	tyding (f.)	gjenfortelling	attforteljing (f.)
bevegelse	rørsle (f.)	glemsel	gløymsle (f.)
bevis	prov (n.)	grunn	grunn (m.)
bevisførsel	provføring (f.)	grunngivelse	grunngjeving (f.)
bevissthet	medvit (n.)	gruppe	gruppe (f.)
bilde	bilete (n.)	helhet	heilskap (m.)
bok	bok (f.)	hemmelighet	løyndom (m.)
bokanmeldelse	bokmelding (f.)	hendelse	hending (f.)
bredde	breidd (f.)	hensikt	føremål (n.)
budskap	bodskap (m.)	hensyn	omsyn (n.)
bøyning	bøyning (f.)	henvisning	tilvising (f.)
definisjon	definisjon (m.)	historie	historie (f.)
del	del (m.)	hoved-	hovud-
deltager	deltakar (m.)	høyde	høgd (f.)
dialekt	dialekt (m.), målføre (n.)	innhold	innhald (n.)
dramaturgi	dramaturgi (m.)	innledning	innleiing (f.)
drøftelse	drøfting (f.)	intetkjønn	inkjekjønn
egenskap	eigenskap (m.)	karakter	karakter (m.)
eksempel	eksempel (n.), døme (n.)	kasus	kasus (har særmerkt bøyning)
endelse	ending (f.)	kategori	kategori (m.)
enhet	einskap (m.), eining (f.)	kilde	kjelde (f.)
enighet	semje (f.)	krets	krins (m.)
epoke	epoke (m.)	konklusjon	konklusjon (m.)

kunnskap	kunnskap (m.)	skuespill	skodespel (n.)
lengde	lengd (f.)	språk	språk (n.), mål (n.)
leser	lesar (m.)	stavelse	staving (f.)
likhet	likskap (m.)	stillhet	stille (f.)
litteratur	litteratur (m.)	strofe	strofe (f.)
mengde	mengd (f.)	struktur	struktur (m.), skipnad (m.)
mening	meining (f.)	synsvinkel	synsvinkel (m.)
meningsløshet	meiningsløyse (f.)	tanke	tanke (m.)
modus	modus (m.)	taushet	togn (f.)
mottager	mottakar (m.)	tegn	teikn (n.)
myte	myte (m.)	teori	teori (m.)
målform	målform (f.)	tid	tid (f.)
navn	namn (n.)	tilværelse	tilvere (f.), tilvære (n.)
norm	norm (f.)	tolkning	tolking (f.)
nærhet	nærleik (m.)	tradisjon	tradisjon (m.)
nødvendighet	naudsyn (n./f.), trøng (m.)	tragedie	tragedie (m.)
oppførsel	framferd (f.), åtferd (f.)	tilskuer	tilskodar (m.)
oppgave	oppgåve (f.)	uke	veke (f.)
oppmerksomhet	merksemrd (f.)	ulikhet	ulikskap (m.)
opprinnelse	oppfav (n.)	undersøkelse	undersøking (f.)
ordforråd	ordtilfang (n.)	utgave	utgåve (f.)
overbevisning	overtyding (f.)	utgivelse	utgjeving (f.)
oversettelse	omsetjing (f.)	utsagn	utsegn (f.)
periode	periode (m.)	valg	val (n.)
person	person (m.)	vanskelighet	vanske (m.)
poesi	poesi (m.)	veiledning	rettleiing (f.)
problem	problem (n.), vanske (m.)	vendepunkt	vendepunkt (n.)
projeksjon	projeksjon (m.)	verden	verd (f.)
påvirkning	påverknad (m.)	virkelighet	røynd (f.), røyndom (m.)
redegjørelse	utgreiing (f.)	virkemiddel	verkemiddel (n.)
reform	reform (f.)	virksomhet	verksemd (f.)
replikk	replikk (m.)	vitenskap	vitskap (m.)
rettferdighet	rettferd (f.)	ånd	ånd (f.)
roman	roman (m.)	åpning	opning (f.)
sak	sak (f.)	århundre	hundreår (n.)
sammenligning	samanlikning (f.)	årsak	årsak (f.)
sang	song (m.)		
sannhet	sanning (f.)		
scene	scene (f.)		
setning	setning (f.)		
side	side (f.)		
sitat	sitat (n.), herming (f.)		

Merknader til ordlista:

1. Alle ord på -ikk og -isme er hankjønnsord, til dømes: grammatikk, konstruktivism, lyrikk, pragmatikk, realisme, romantikk, semantikk o.fl.
2. Alle ord på -nad er hankjønnsord, men dei har som nemnt ovanfor (1.1.) uregelrett bøyning med endingane -er og -ene i fleirtal (skilnader – skilnadene).
3. Ei rekke grammatiske nemningar er inkjekjønnsord med regelrett bøyning: subjekt, objekt, verb, adverb, adjektiv, substantiv, pronomen, ledd (t.d. setningsledd), determinativ, demonstrativ, subjunksjon, morfem, prefiks o.fl.
3. Ordet kasus har ei særskild bøyning. Vi bøyer det som hankjønnsord i eintal, og inkjekjønnsord i fleirtal: ein kasus – kasusen; mange kasus – alle kasusa.
4. Ei rekke vanlege «akademiske» nynorskord er hokjønnsord på -ing med fleirtal på -ar/-ane. Hit høyrer mellom anna alle verbalsubstantiv, skriving av skriva, tolking av tolka, meinig av meina, og omsetjing av setja om.
5. Merk òg at Språkrådet har ei synonymordliste med nynorske avløysarar til vanlege bokmålsord: http://www.sprakrad.no/nb-no/Sprakhjelp/Raad/Fra_bokmaal_til_nynorsk/

3.2. Vanlege «akademiske» verb

Sårs mange «akademiske» verb er samansette, som henvise (hen + vise) og foreta (fore + ta). Somme av dei er samansette på nynorsk òg, men ofte er dei laust samansette, det vil sei at lekkane er åtskilde: Nynorsk har liggja føre der bokmål har foreligge, og føra med (seg) der bokmål har medføre. Andre gonger er verbet eit heilt anna, til dømes har nynorsk gjera der bokmål har foreta. Nedanfor er eit lite utval «akademiske» verb der bokmålsverbet står til venstre i feit skrift, og dei nynorske avløysarane til høgre.

Merk: Mange av verba til venstre er tillatne på nynorsk òg (t.d. fortsetja, bety, erfara), men ofte er det betre å bruka ein annan og «meir nynorsk» seiemåte.

antyde	ymta om, gjeva eit vink om, slå frampå om, nemna
angå	gjelda, koma ved
anbefale	rå til, tilrå, gjeva lovord om, telja til, stø, tala godt om
anvende	nytta, brukta, ta i bruk, gjera (seg) nytte av, hjelpa seg med
avspeile	speglia (avl), gjeva att biletet av
begrense	avgrensa, snevra inn, finna grensene for, skilja ut med grenser
begrunne	grunngeva, gjeva grunnar for, stø opp under
begynne	ta til, byrja, opna med
beholde	ha, få ha, halda på
belyse	kasta ljós over, klårgjera
beskrive	skildra, teikna, skriva om
besvare	svara på, løysa (t.d. ei oppgåve)
bety	tyda (bøying: tyder - tydde - har tydd)
bevege	røra, setja i rørsle, flytta
erfare	røyna, få vita, oppleva, gå gjennom
erkjenne	sannkjenna, vedgå, tilstå
foregå	gå føre seg, henda, bera til, stå på
foreligge	liggja føre, finnast
forestille	syna, visa, førestilla/førestella, etterlikna, gjeva seg ut for å vera
foreta	gjera, setja i verk
forklare	gjera tydeleg, greia ut (om), tyda (ut), gjera grein på, forklåra
fortsette	halda fram, fortsetja
forvente	venta, rekna med
framstå	stå fram; syna seg, te seg som
gjenta	ta opp att, seia om att, minna om
hentyde	ymta om, sikta til
henvise	visa til
meddele	melda (frå), fortelja
medføre	føra med (seg), føra til, ha til fylgje

overbevise	overtyda
oversette	setja om, omsetja
påvirke	verka inn på, ha innverknad på, påverka
redegjøre for	greia ut (om), gjera greie for, fortelja om
skyldes	koma av, skriva seg ifrå, vera opphavet til
undersøke	rökja etter, granska, finna ut av, undersøkja
utelukke	stengja ute frå, sjå bort frå, hindra
utmerke (seg)	merkja (seg) ut, skilja seg ut
utvikle	skapa, få fram, veksa fram, laga om, ovra seg, endra (seg)
vedrøre	koma ved, gjelda, stå i samband med

3.3. Faste ordlag til bruk i oppgåver m.m.

Nedanfor kjem nokre framlegg til korleis du kan ordleggja deg i ei drøftande tekst, til dømes ei semesteroppgåve. Framlegga har eg stort sett henta frå frasesamlinga hjå Nynorskcenteret: <http://www.nynorsksenteret.no/> (Ressursbase for skulen > Nynorsk-kurs og skrivehjelp > Frasesamling)

1. Innleiing

I ei innleiing plar vi skriva kva vi skal gjera, og korleis vi skal gjera det. Det gjeld anten vi skriv ei oppgåve, ein artikkel, eit forord eller liknande.

Spør deg sjølv: Kva skal eg gjera?

Svar: Eg skal... granska / drøfta / ta føre meg / gjera greie for / greia ut om / analysera / peika på / gå (noko) etter i saumane / undersøkja / gjera ein formanalyse / gjera ein komparativ analyse / gjera ein litterær analyse / samanlikna X og Y / rökja etter / diskutera / få greie på / leggja fram/ skildra / fortelja om / leita etter / finna (noko) / prova at / syna korleis / osb.

Spør deg sjølv: Korleis skal eg gjera det?

Svar: Eg skal drøfta osb. [...] ved å sjå X i samanheng med Y / ved å jamføra tekstene eller synsmåltane eller tema i X og Y / peika på korleis X har endra seg / sjå kva slags innverknad X har hatt på Y / drøfta sambandet mellom X og Y / osb.

Spør deg sjølv: I kva slags rekkjefylgje skal eg gjera det?

Svar: Fyrst skal eg ta føre meg / X er emnet for fyrste del av oppgåva / Eg vil innleia med å sjå på / deretter skal eg / etter det, kjem eg til å / så skal eg / som ei avslutning skal eg / til sist vil eg / mot slutten drøfter eg / osb.

2. Hovuddel

Hovuddelen er som kjent sjølve kjernen i teksta. Her er nokre frasar som det kan vera kjekt å kjenna til:

Samanbindingsfrasar:

Jamvel om ... / Endå (om) ... / Trass i at ...

Jamvel ... / Til og med ... / Endåtil ... / Attpåtil ...

I hovudsak har ... / Jamt over er det slik at ... / I det store og heile er det ...

I alle fall ser vi at ... / Her kan vi trygt seja at ...

Med andre ord: ... / Sagt på ein annan måte ... / Vi kan òg seja at ...

På eit vis er det ... / Det ser ut til at ... / Det er likt til at ... / Truleg er det slik at ...

Likevel ... / Like fullt ... / Kor som er ... / Endå er det ...

Samstundes er ... / Samtidig er ...

På det viset er ... / På den måten er ... / Slik kan vi seja at ...

I og med at ... / På grunn av at ... / Om vi legg det til grunn, ... / Ut frå dette ...

Når du skal leggja fram synet ditt:

Slik eg ser det, så ... / For meg ser det ut til at ... / Det synest meg at ...

Eg vil hevda at ... / Påstanden min er ...

Eg meiner/tykkjer at ...

Til liks med X meiner eg at ... / Sameleis som X meiner eg at ... / Eg er samd med X ...

I motsetnad til X meiner eg at ... / Her er eg ikkje samd med X...

Når du skal underbyggja argumenta du nytta:

Slik kan vi sjå at ...

Her ser vi korleis ...

Eg vil prova dette ved å sitera X, som i K skriv at ...

Som vi såg i K, så er det slik at ...

Eit prov for B finn vi i K, der X viser at ...

Etter det X skriv, så ...

Med grunnlag i det Y skriv, kan vi slå fast at ...

K og L gjev meir enn godt nok grunnlag til å hevda at ...

K syner (oss) at ...

Dersom K er rett/stemmer, så kan vi slutta at ...

Fordi K er B, kan vi trygt konkludera med at ...

Når du vurderer argumenta og argumentgrunnlaget til dei/det du skriv om:

Alle desse argumenta tek utgangspunkt i/byggjer på ...

Argumenta/oppfatningane til X er nært knytte til synstaden hans/hennar ...

Vi kan seia at argumenta i K er ei form for B.

I teksta tek X det for gjeve at ...

Ingen av dei nemnde argumenta held mål dersom vi legg føresetnadene i K til grunn ...

Gjeve at B stemmer, så ...

X kjem ikkje med noko prov for påstandane i teksta ...

X underbyggjer ikkje det han/ho skriv ...

Argumenta til X er godt underbygde/godt prova ...

(Funna i) K står ikkje argumentet X kjem med om at ...

På eit/mange vis er K slik at ...

Når du samanliknar tekster/argument/meiningar:

Korkje X eller Y ...

Begge tekstene/skribentane/forfattarane/syna er ...

Både X og Y ...

Medan X tek utgangspunkt i A, byggjer Y på B ...

Vi kan seia at X ser på/legg vekt på/har fokus på/ynskjer A, medan Y ser på/legg vekt på/har fokus på/ynskjer B ...

K liknar på L med omsyn til synet på A ...

K og L har sams syn på A ...

Skilnaden mellom K og L er at ...

På den eine sida ser me/kan me hevda at ... På den andre sida ...

Skilnaden/likskapen mellom K og L er tydeleg i måten dei skriv om B på. Han kjem òg til syne i ...

(Merk: Du viser tilbake til hankjønnsord som skilnaden og likskapen ved å skriva han.

Ikkje skriv den. Tilsvarande skal du syna attende til hokjønnsord med ho/henne og til inkjekjønnsord med det. Døme: «Flaska var uopna då eg kjøpte henne»)

3. Avslutning/Konklusjon

Som vi har sett, så ... / Eg har no peika på korleis X ... / I opninga drog eg fram korleis X ...

Vi kan konkludera/oppsummera/avrunda med å seia at ... / Alt tyder på at ...

Ut frå det vi har sett i denne gjennomgangen/samanlikninga/drøftinga, kan vi slutta at ...

I denne teksten/artikkelen/drøftinga har eg prøvt å seia noko om ...

Analysen/granskingsha har vist at ... / Eg har stadfest/prova at påstanden ...

På grunnlag av det eg no har funne ut, kan vi seia at/ser det ut til at ...

3.4. Faste ordlag til drøftande tekster

I drøftande tekster nyttar vi ofte ei rad faste vendingar, og ikkje alle er brukande både på bokmål og nynorsk. Nedanfor står bokmålsvendingane til venstre, og framlegg til nynorske avløysarar til høgre.

overhodet	i det heile
fikk stor betydning	fekk mykje å seia, drog mykje etter seg
det kan sies at	vi kan seia at, det ser ut til at
er av stor viktighet	er viktig, veg tungt, er grunnleggjande
blant anna	mellom anna, blant anna
og så videre	og så bortetter (og så vidare er òg tillate)
anses å være	er rekna som, er halden for, det er likt til at
imidlertid	men, likevel, derimot, endå er det slik at
med hensyn til	når det gjeld, med omsyn til, med tanke på
for øvrig	elles
samtlige	alle

Det finst eit hav av slike ordlag og vendingar. Kjøp gjerne ei god synonymordbok, som Med andre ord av Magne Rommetveit, eller grip til Nynorskordboka på nett:

http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek_nynorsk.html

4. Nynorsk målføring

Kva er nynorsk målføring? Det kan vera så mangt. Målføring tyder 'måte å ordleggja seg på', og vi ordlegg oss gjerne litt annleis på nynorsk enn på bokmål. Det heiter seg at setningsbygnaden i nynorske tekster er eller bør vera lettare og meir munnleg enn i tekster på bokmål. Det er ei sanning med visse etterhald. Det er rett at nynorske skrivrarar tradisjonelt har nyttta talemålet som føredøme for tekstene sine. I målføra fann skrivarane måtar å ordleggja seg på som skilde seg frå den stive, høgtidsame og krokete «kansellistilen» som rådde i tekster på riksmål/bokmål.

Det er likevel ikkje slik at vi skal skriva heilt som vi talar. I dag har bokmålet blanda seg inn i mest alle dialektane, og ord og vendingar frå bokmålet har fått godt feste. Endå er det sant at tekster på nynorsk – jamvel akademiske tekster – bør ha det vi kan kalla ein lett og munnleg stil. Med «lett» og «munnleg» meiner eg i hovudsak dette: ein verbal stil, det vil seia setningar med mange verb og adjektiv, og mindre substantiv.

Triks for å få til ein verbal stil: Tenk deg at du skal fortelja bestemor di eller veslebror din (eller nokon andre nære og «uvitande») om det du skal gjera/skriva. Då vel du ofte ein verbal og tydeleg seiemåte. Rett nok tek du kanskje ut nokre fagord, men dei kan du setja inn att etterpå, når du har «verbalisert» setninga. Her kjem nokre døme.

1a. Uverbal seiemåte:

Eg skal gjera ein analyse av romanens struktur.

1b. Verbal seiemåte:

Eg skal undersøkja korleis romanen er oppbygd.

2a. Uverbal seiemåte

Det var knytt store vanskar til arbeidet med å forma ut ein ny rettskrivingsnormal.

2b. Verbal seiemåte

Det var svært vanskeleg å forma ut ein ny rettskrivingsnormal.

Merk: På nynorsk er det ikkje slik at alternativa 1b og 2b er mindre «saklege» eller mindre «akademiske» enn 1a og 2a. Tvert imot! Språket flyt godt og meaninga kjem betre fram om du nyttar den verbale varianten. Og tanken er vel at lesaren skal skjøna det du skriv?

4.1. Nynorsk stil på 1-2-3

Det er ikkje så mykje som skal til før målet får ein skikkeleg nynorsk «svip». I kapitla nedanfor skal vi sjå nøyare på passiv, genitivs-s, substantivsykje og anna snusk, men heilt fyrst kjem nokre generelle råd eller saker det kan vera lurt å ha i minne:

- Skriv stutte setningar. Det er ikkje meir «akademisk» med lange og snirklete setningar. Det gjeld særleg når emnet du skriv om er abstrakt og stort og vanskeleg. Då gjeld det å gjera språket tydeleg og beint fram, og dela opp det du vil seia i små einingar. På den måten vert det lettare for lesaren å få tak i innhaldet, og kanskje vert det lettare for deg å formulera det heile. Å skriva er som kjent ein måte å tenkja og læra på. Om du tvingar deg til å skriva tydeleg og ryddig, tvingar du deg til å tenkja godt igjennom det du skal skriva om, og skrivinga kan såleis vera ein måte å rydda i «tankekaoset» på.
- Prøv å byta ut somme substantiv med verb (eller adjektiv). I staden for å skriva gjera ein analyse kan du skriva analysera, i staden for ta ei vurdering kan du skriva vurdera. I staden for det gjekk føre seg ei endring i verbsystemet kan du skriva verbsystemet endra seg, i staden for det kom varierande reaksjonar kan du skriva folk reagerte ulikt. Om du gjer det slik, slepp du ofte å gripa til diffuse vendingar som «i forhold til» og «vedrørande» og liknande. Døme: Ikke slik: Aasen gjorde ein stor jobb i forhold til innsamling av ord frå dialektane. Men slik: Aasen samla inn svært mange ord frå dialektane.
- Den siste setninga seier like mykje som den fyrste, jamvel om setninga er «lettare». På nynorsk nyttar vi helst dobbel bunden artikkel, såkalla «dobbelt bestemming». På bokmål hender at vi har eit peikande pronomen/eigdomspronomen og eit substantiv i ubunden form, slik: det fiktive univers, den enkelte elev, i sitt vidare arbeid. På nynorsk står substantivet i bunden form, og eigdomspronomenet står til slutt: det fiktive universet, den enkelte eleven, i det vidare arbeidet sitt.
- Bruk ordbok. I desse internett-tidene er det innmari lettvint å slå opp: Det er berre å skriva inn ordet og trykkja enter. Bokmålsordboka og Nynorskordboka kan du til og med slå opp i samstundes. Det plar eg gjera. Ordbøkene ligg ute her: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=anerkjenning&begge+=&ordbok=begge>

4.2. Passiv

På skulen lærer mange at passiv er fy-fy i nynorsk. Det er ikkje heilt sant. Mange gonger passiv det einaste rette, men dersom du kan velja mellom ei aktiv og ei passiv form, bør du velja den aktive når du skriv nynorsk.² Då vert det meir kraft i setningane.

Ein god hugseregel er at når det finst eit subjekt til verbet, bør subjektet vera med i setninga. I mange byråkratiske tekster, og i somme akademiske tekster, nyttar skribaren passiv og det formelle subjektet det for å «gøyma bort» det faktiske subjektet, eller få det til å sjå ut som det ikkje finst noko subjekt i det heile. Om du vil lura deg unna alt ansvar, er det ein høveleg måte å gjera det på, men det vert ikkje godt og klårt språk av slikt.

Nedanfor ser du nokre døme på korleis du kan gjera om diffuse og seige passivsetningar til tydelege og kvikke aktivsetningar. Eit tips: Spør deg sjølv kven som gjer eller skal gjera noko. Om du set inn subjektet, løysar alt seg med éin gong.

Passiv: Det skal skrivast to oppgåver i faget.

Aktiv: Studentane/elevane/eg/du skal skriva to oppgåver i faget.

Passiv: Nedanfor blir det gjeve eit samandrag av boka.

Aktiv: Nedanfor gjev eg eit samandrag av boka.

Passiv: Det vart lese dikt på sleppfesten.

Aktiv: Nokon [skrib kven] las dikt på sleppfesten.

Passiv: Boka blei skriven då Ibsen budde i Italia.

Aktiv: Ibsen skreiv boka då han budde i Italia.

Av og til er du nøydd til å skifta ut verbet:

Passiv: Valfridomen i rettskrivinga skuldast tilnærtingspolitikken.

Aktiv I: Valfridomen i rettskrivinga kjem av tilnærtingspolitikken.

Aktiv II: Tilnærtingspolitikken er årsak til valfridomen i rettskrivinga.

2 Vi brukar ofte passiv når vi skal leggja vekt på den som ei handling går ut over, i staden for den som handlar. Eit døme: Politiet arresterte han (aktiv) – Han vart arrestert av politiet (passiv). Slik passiv er heilt greitt!

St-passiv eller bli-passiv?

Passiv er som sagt ikkje forbode, og på nynorsk kan vi uttrykkja passiv på to måtar:

1. Vi kan nyitta st-form av verbet (lesast, diskuterast, brukast)
2. Vi kan setja inn hjelpeverbet bli/verta (han blir henta snart, boka vart skriven i fjar)

På bokmål er det vanleg å nyitta s-form av verbet åleine, utan noko hjelpeverb til:

Døme: Dette drøftes i neste avsnitt.

Døme: Oppgaven skrives på nynorsk.

Døme: Pakken hentes på postkontoret.

På nynorsk bør vi ikkje gjera det slik.

Når vi nyttar st-passiv, må vi setja inn eit modalt hjelpeverb framfor st-verbet:

Døme: Dette skal drøftast i neste avsnitt. Ikkje: Dette drøftest i neste avsnitt.

Døme: Oppgåva bør/må skrivast på nynorsk. Ikkje: Oppgåva skrivest på nynorsk.

Døme: Pakka kan/må hentast på postkontoret. Ikkje: Pakka hentast på postkontoret.

Somme gonger er det best å nyitta passiv med bli/verta:

Bokmål: Hovedkarakteren presenteres ikke før i tredje kapittel.

Nynorsk: Hovudkarakteren blir ikkje presentert før i tredje kapittel.

Bokmål: Det sies at nynorsk er et språk for bønder.

Nynorsk: Det vert sagt at nynorsk er eit språk for bønder.

Jamvel om passiv er tillate, bør vi helst nyitta lite av det. Tekster med mykje passiv er tyngre å lesa enn tekster med aktive former. Set inn det faktiske subjektet, eller bruk generelle former som vi, folk, nokon, somme, mange, ingen, du og liknande (ikkje man!)

Bokmål/passiv: Det forventes at tidsfristen overholdes.

Nynorsk/aktiv: Vi ventar at folk held tidsfristen ...

Bokmål/passiv: Fleire opplysninger fås hos ...

Nynorsk/aktiv: Fleire opplysningar får du hos ...

Bokmål/passiv: Det må presiseres at fortelleren av og til er upålitelig.

Nynorsk/aktiv: Eg må presisera at forteljaren av og til er upåliteleg.

Bokmål/passiv: Hun regnes for å være spesialist på området.

Nynorsk/aktiv: Ho er rekna som spesialist på området.

Bokmål/passiv: Det skrives mye om Knausgård i avisene.

Nynorsk/aktiv: Avisene skriv mykje om Knausgård.

Bokmål/passiv: Det antas at problemet skyldes dårleg kommunikasjon.

Nynorsk/passiv: Vi/mange trur problemet kjem av dårleg kommunikasjon.

Bokmål/passiv: Søknaden sendes innen 1. mars.

Nynorsk/aktiv: Du må senda søknadene innan 1. mars / Send søknaden innan 1. mars.

Bokmål/passiv: Diktet drøftes med utgangspunkt i formalistisk teori.

Nynorsk/aktiv: Eg drøfter diktet med utgangspunkt i formalistisk teori.

Bokmål/passiv: Det blir hevdet at norsk er et fattig språk.

Nynorsk/aktiv: Somme/mange hevdar at norsk er eit fattig språk.

Bokmål/passiv: Passiv brukes altfor mye i akademiske tekster.

Nynorsk/aktiv: Vi brukar altfor mykje passiv i akademiske tekster.

Merknad: Refleksiv er ikkje heilt det same som passiv. Det historiske opphavet til dei refleksive verbformene (verb med endinga -st) skulle vera velkjent. Pronomenet sik ('seg') voks i hop med verbet: undra sik > undrask > undrast (og bokmål: > undres). Endinga -st må derfor peika attende til noko eller nokon (refleksiv tyder 'tilbakevisande'). Endinga -st kan tyda både 'meg' (undrast = 'eg undrar meg'), 'seg' (synest = 'det syner seg') og 'kvarandre' (møtest = 'vi møter kvarandre'). Slike st-verb er heilt naudsynte og er ikkje noko fy-fy.

Det som ikkje er heilt bra, er å nyitta st-verb og det formelle subjektet det i staden for eit retteleg subjekt, jf. «det skal skrivast» ovanfor. Setninga «Tematikken skal diskuterast i kapittel 2» tyder i grunnen «Tematikken skal diskutera seg i kapittel 2». Skriv heller: «Eg skal diskutera tematikken i kapittel 2» eller liknande.

4.3. Genitivs-s

Mange har òg lært at genitivs-s er fy-fy på nynorsk. Genitivs-s er ikkje forbode på nynorsk (jf. namnet på nynorskorganisasjonen Noregs Mållag), men i samsvar med dialektane nyttar vi helst lite av det. I staden kan vi nyttja preposisjon (ofte: til), eige-domspronomen eller samanskripling.

Atter ein gong: Tenk at du talar med bestemor di. Kjem du då til å seia nummer 1 eller 2?

1: Eg fekk låna pappas bil.

2: Eg fekk låna bilen til pappa.

Folk flest seier vel noko som liknar mest på nummer 2, og det er slik vi bør gjera det når vi skriv nynorsk òg.

Åtvaring: Mange snik seg unna genitivs-s-en ved å byta han ut med ordet sin. I nokre tilfelle fungerer det fint, men det er slitsamt å lesa tekster der det står sin sin sin alle stader. Konstruksjonar med sin flyt ikkje spesielt godt heller. Prøv å lesa desse tre alternativa høgt. Då høyrer du at sin-setninga «hakkar opp» den jamne setningsmelo-dien:

- s: sakas kjerne
- sin: saka sin kjerne
- prep.: kjernen i saka

Tips: Når du – av gamal bokmålsvane – har nyttja genitivs-s, men vil gjera det om til «god» nynorsk, kan du gå fram slik:

1. Skift rekjkjefylgd på orda: sakas kjerne > kjerne sakas
2. Stryk s-en, og set det fyrste ordet i bunden form: kjerne sakas > kjernen saka
3. Set inn ein preposisjon i midten: kjernen saka > kjernen i saka

Andre døme:

- | | |
|--|---------------------------------|
| 1. romanens karakterar > karakterar romanens | 1. forfattarens skrivestil |
| 2. karakterar romanens > karakterane romanen | 2. skrivestilen forfattaren |
| 3. karakterane romanen > karakterane i romanen | 3. skrivestilen til forfattaren |
- Eller samanskripling: romankarakterane

Her er fleire døme:

sin: Wergeland og Welhaven sine stridar ...

prep.: Stridane mellom Wergeland og Welhaven ...

-s: Diktets rytmə framhevar tematikken.

prep.: Rytmen i diktet framhevar tematikken.

-s/sin: Fars dialekt liknar på Petter sin dialekt.

pron./prep.: Dialekten hans far liknar på dialekten til Petter.

sin: I denne oppgåva skal eg bruka Chomsky sin teori.

prep.: I denne oppgåva skal eg bruka teorien til Chomsky .

si: Studentane si avis heiter Under Dusken.

sms.: Studentavisa heiter Under Dusken.

-s: Eg kjem til å drøfta romanens struktur og tematikk.

prep.: Eg kjem til å drøfta strukturen og tematikken i romanen.

sitt: Mange er kritiske til Språkrådet sitt rettskrivingsframlegg.

prep.: Mange er kritiske til rettskrivingsframlegget frå Språkrådet.

sin: Ho var usamd i artikkelforfattaren sine påstandar.

prep.: Ho var usamd i påstandane til artikkelforfattaren.

4.4. Substantivsykja – rota til alt vondt

Substantivsykja er namnet på ein særskilt vanleg «sjukdom»: Trongen til å nytta mange – og ofte lange – substantiv. Ovanfor nemnde eg at nynorsk, i tråd med dialektane, helst har ein verbal stil. Substantivsykja er det beint motsette. Dei «sjuke» setningane er fulle av substantiv som gjer setninga tung å lesa, medan dei «friske» setningane har verb (eller adjektiv) som gjer setninga lett og levande. Eit døme:

«Sjuk»: Han hadde store vanskar med å koma med ei grunngjeving for kvifor han var av den oppfatninga.

«Frisk»: Han sleit med å seia kvifor han meinte det han gjorde.

Den «friske» setninga seier like mykje som den «sjuke» setninga, endå ho berre er halvparten så lang. Dessutan er den «friske» setninga meir beint fram og rett på sak, medan den «sjuke» er uklår og tungvinn. Den «friske» setninga er vel òg meir samsvar med måten vi pratar på til vanleg.

Substantivsykja er på mange måtar rota til alt vondt. Det er substantiva som gjer at vi ofte må gripa til passiv og genitivs-s og ordlag som «i forhold til» og så bortetter. Om vi greier å skifta ut nokre substantiv med verb og adjektiv, vert det lettare å både skriva og lesa.

Merk: Eg meiner ikkje å seia at substantiv er forbode på nynorsk. Langt ifrå! Men no for tida har det vorte vanleg å dyngja på med substantiv i alle samanhengar, og denne tendensen ser vi både i skriftmålet og i talemålet. Språket vert innmari tamt og tomt av slikt. Som vanleg er politikarane dei verste: Politiske ordskifte i radio og fjernsyn er mest som ein einaste lang straum av substantiv og «i forhold til». Døme:

«Sjuk»: Fyrst må vi ha ein gjennomgang av tiltak i forhold til kollektivtrafikken.

«Frisk»: Fyrst må vi finna ut korleis vi kan gjera kollektivtrafikken betre.

Nedanfor kjem fleire døme på «sjuke» og «friske» setningar. Vonleg ser du at dei «friske» setningane er lettare og meir presise enn dei «sjuke». Dei «sjuke» setningane er ikkje meir akademiske enn dei «friske» – i alle fall ikkje på nynorsk. Legg merke til at u-nynorske drag som passiv og genitivs-s vert borte når du skifter ut substantiv med verb og subjekt.

Frå «sjuk» til «frisk»

Substantiva i dei «sjuke» setningane er merkte med feit skrift, det same er verba og adjektiva i dei «friske» setningane.

«Sjuk»: Det gjekk føre seg ei endring i verbsystemet.

«Frisk»: Verbsystemet endra seg.

«Sjuk»: Ho hadde ingen uttalefeil under besøket, og språkfunksjonen var vanleg.

«Frisk»: Då eg besøkte henne, tala ho vanleg og sa orda rett.

[eller noko anna, alt etter kva du meiner med 'språkfunksjon']

«Sjuk»: Dette er truleg ein kompliserande faktor for eleven si lese- og skriveopplæring.

«Frisk»: Dette gjer det truleg tyngre for eleven å læra å lesa og skriva.

«Sjuk»: Diktet skal gjerast til gjenstand for analyse.

«Frisk»: Eg/nokon skal analysera diktet.

«Sjuk»: Det synte seg å medføra *riktigkeit.

«Frisk»: Det synte seg å vera rett. à Vi/eg såg at det var rett.

«Sjuk»: Ordklassenes organisering kan gjerast betre.

«Frisk»: Vi kan organisera ordklassene betre.

«Sjuk»: Opninga av litteraturfestivalen finn stad 10. juni.

«Frisk»: Vi/dei opnar litteraturfestivalen 10. juni.

«Sjuk»: Utviklinga av i-omlyden medførte store lydmessige forandringar.

«Frisk»: I-omlyden endra lydsystemet monaleg.

«Sjuk»: Romanens tittel var sterkt medverkande til den store merksemda boka
tiltrekte seg ved utgjevinga.

«Frisk»: Tittelen førde til at folk la mykje merke til romanen då han kom ut.

4.5. Fyllord og «i forhold til»

Når vi skriv akademiske og drøftande tekster, bør vi leggja vinn på å gjera språket så presist og forståeleg som råd. Ein god regel er å styra unna ordlag som «i forhold til», «vedrørande» og liknande, og anna uturvande «fyll» (til dømes tåkete etterfeste som -messig og -aktig). Slike «fyll» gjer språket til ein tjukk skoddeheim, der det er vanskeleg å få tak i innhaldet. Her kjem nokre døme på korleis de kan gjera språket kvassare og meir tydeleg:

- | | |
|-------------|--|
| Ikkje slik: | I forhold til *stridighetene om språket på 1800-talet vil eg ha fokus på... |
| Men slik: | Eg skal ta føre meg språkstriden på 1800-talet med hovudvekt på... |
| Ikkje slik: | Ein må sjå utviklinga av moderniteten i samanheng med mellom anna boktrykkjarkunsta. |
| Men slik: | Boktrykkjarkunsta hadde mykje å sei for når og korleis moderniteten vokste fram. |
| Ikkje slik: | Det kom varierande reaksjonar på rettskrivingsnemnda sitt utkast. |
| Men slik: | Folk reagerte ulikt på utkastet frå rettskrivingsnemnda. |
| Ikkje slik: | Det fekk sjangermessige fylgjer |
| Men slik: | Det fekk fylgjer for sjangeren (el. sjangrane) |
| Ikkje slik: | Ho er av den meinинг at... |
| Men slik: | Ho meiner at... |
| Ikkje slik: | Når det gjeld spørsmål av denne art... |
| Men slik: | I slike spørsmål... |
| Ikkje slik: | Det er viktig å skapa bevisstheit rundt bruken av språket. |
| Men slik: | Det er viktig at folk tenkjer over språkbruken sin. |
| Ikkje slik: | Eg vil fokusera på diktets tematikk i forhold til romantikken. |
| Men slik: | Eg skal undersøkja om romantikken har verka inn på tematikken i diktet. |
| Eller slik: | Eg skal granska sambandet mellom tematikken i diktet og romantikken. |

5. Nyttig lesnad og gode hjelphemiddel

- Olaf Almenningen: Nøkkel til nynorsk. Kompakt nynorsk-grammatikk.
Oslo: Dag og Tid <http://www.dagogtid.no/index.cfm>
- Olaf Almenningen: Innføring i nynorsk for høgare utdanning.
Oslo: Det Norske Samlaget 2006.
- Magne Rommetveit: Med andre ord. Synonymordbok med omsetjingar
frå bokmål til nynorsk. Oslo: Det Norske Samlaget 2007. Tredje utgåva.
- Ola Breivega: Råd for uråd. Vegvisar gjennom nynorske minefelt.
Oslo: Det Norske Samlaget 1993.
- Skriv norsk. Rettleiing i god norsk målbruk med oppnorskings-ordliste.
Norsk Måldyrkingslag. Oslo 1987.
- Nynorskordlista. Oslo: Det Norske Samlaget 1996.
- Nynorskordboka på nett: <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>
- Nettkurs i nynorsk: <http://www.ntnu.no/inl/forstud>
- Fleire hjelphemiddel finn du hjå Språkrådet: [http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/
Rettskriving_Ordboekers/Nyttige_hjelphemidler/](http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboekers/Nyttige_hjelphemidler/)

Og: Du finn mykje godt hjå dei gode gamle, som Aasen, Garborg, Vinje... J

Tillegg: Samsvarsbøyning

Samsvarsbøyning tyder som kjent at vi skal bøya eit ord i samsvar med eit anna ord. Eit adjektiv må vera bøyg i samsvar med substantivet eller pronomenet det står til. Det same gjeld den adjektiviske forma av verbet: partisippet.

På nynorsk kan du velja om du vil nyitta full samsvarsbøyning eller såkalla forenkla samsvarsbøyning. Det siste er ikkje tillate i læreboknormalen, men skulelevar kan velja å nyitta den forenkla bøyninga. Her skal vi einast ta føre oss den fulle samsvarsbøyninga. Sant å seia er det lettare å alltid bøya adjektiv og partisipp i samsvar med ordet det står til (full samsvarsbøyning), enn å læra seg særskilde reglar for samsvarsbøyninga (forenkla samsvarsbøyning). Den forenkla samsvarsbøyninga kan du mellom anna lesa om i grammatikkdelen i Nynorsk ordliste.

Når er det samsvarsbøyning? Svar: Ved predikativ og attributiv bruk.

Predikativ bruk: Etter usjølvstendige verb, d.e. vera, verta, bli, heita, kallast, synast, tykkjast.

Attributiv bruk: Når det adjektiviske ordet står tilknytt substantivet, som i «god kaffi», «grønt gras», «steikte poteter» osb.

Forma er den same anten adjektivet/partisippet er nyitta predikativt eller attributivt:

Predikativt:	Tjuven er teken	Dei to tjuvane vart tekne i går
Attributiv:	Eg såg ein teken tjuv	Eg såg to tekne tjuvar
Predikativt:	Brødet var godt	Brøda var gode
Attributivt:	Ho lagar godt brød	Ho lagar gode brød

Etter hjelpeverba ha og få er det ikkje samsvarsbøyning. Då skal partisippet stå i supinum, eller inkjekjønn: Dei har teke/teki tjuven (jf. predikativt: tjuven er teken)

Mykje av samsvarsbøyninga sit i ryggmergen. Vi veit at det heiter «ei fin bok», men «eit fint hus». Slike «vanlege» adjektiv som fin har vi ingen vanskar med, og bøyninga er lik på bokmål og nynorsk. Derfor skal vi einast ta føre oss dei «vanskelege» orda her. Det er:

1. Adjektiv som endar på -en (som open, galen, naken)
2. Partisipp (særleg av sterke verb)

1. Adjektiv som endar på -en:

Ei rad nynorske adjektiv endar på -en (i oppslagsforma). Vi skal særleg merka oss forma i inkjekjønn; ho skil seg noko frå bokmålsforma.

hankjønn	hokjønn	inkjekjønn	fleirtal
open	open	ope el opi [opent]*	opne
galen	galen	gale el gali [galent]*	galne
sliten	sliten	slite el sliti [slitent]*	slitne
naken	naken	nake el naki [nakent]*	nakne
roten	roten	rote el roti [rotent]*	rotne

*Eg råder deg til å ikkje nytta «samnorskformene» på -ent endå dei er tillatne.

Klammeformene på -ent bryt med mönsteret, som vi skal sjå når vi kjem til partisippa nedanfor.

Merknad: To adjektiv på -en har ei særskild bøyning, med -a i hokjønn:

hankjønn	hokjønn	inkjekjønn	fleirtal
eigen	eiga	eige	eigne
liten	lita	lite	små(e)

2.1. Perfektum partisipp av sterke verb = adjektiv på -en

Vi plar nytta partisippa som adjektiv. Partisipp av sterke verb har same bøyning som orda i flokken ovanfor, det vil seia adjektiv som open og galen. Som døme her skal vi nytta perfektum partisipp av dei sterke verba skriva (har skrive/skrivi) og veksa (har vakse/vaksi) og koma (har kome/komi):

hankjønn	hokjønn	inkjekjønn	fleirtal
skriven	skriven	skrive el skrivi	skrivne
vaksen	vaksen	vakse el vaksi	vaksne
komen	komen	kome el komi	komne

Døme I

hankjønn:	Romanen er skriven.	Guten vart vaksen.
hokjønn:	Boka er skriven.	Jenta vart vaksen.
inkjekjønn:	Brevet er skrive/skrivi.	Barnet vart vakse/vaksi.
fleirtal:	Breva er skrivne.	Dei er vaksne.

Døme II

- hankjønn: Den einaste dativbrukaren i bygda var ein godt vaksen kar.
 hokjønn: Dei feira at boka endeleg var komen ut.
 inkjekjønn: Ho sende brevet straks etter det var skrive.
 fleirtal: Dei klassiske islendingesogene vart skrivne på 1200-talet.

2.2. Perfektum partisipp av linne verb

Dei linne verba er jamt over greiare å halda styr på enn dei sterke, men det er eit partiing vi må passa på her òg. Det gjeld særleg fleirtal: Vi har lett for å gløyma at partisippet skal stå i fleirtal ved jamvel ved predikativ bruk. Kvifor gløymer vi det? Fordi samsvarsbøyning ikkje er gjennomført på bokmål.

På bokmål er det gjerne slik at adjektiva alltid er samsvarsbøygd (bilen er gul – bilene er gule), men at partisippa berre er samsvarsbøygd når dei vert nytta attributivt:

eintal	fleirtal
en lakkert bil	to lakkerte biler
en velkommen gjest	mange velkomne gjester
en foretatt utbedring	to foretatte utbedringer
en skadd person	fire skadde personer

Ved predikativ bruk, derimot, er partisippet sjeldan samsvarsbøygt:

eintal	fleirtal
bilen er lakkert	bilene er lakkert (?)
han er velkommen	alle er velkommen (?)
utbedringen er foretatt	utbedringene er foretatt (?)
én person ble skadd	fire personer ble skadd (?)

Merk: På nynorsk skal adjektiv og partisipp alltid vera bøygd i samsvar med ordet dei står til, anten dei står attributivt eller predikativt.

nynorsk	bokmål
bilane er lakkerte	bilene er lakkert (?)
fire personar vart skadde	fire personer ble skadd (?)
dei vart dømde til dauden	de ble dømt (?) til døden
foreldra hans er skilde	foreldrene hans er skilt (?)
orda er bøyde i fleirtal	ordene er bøyd (?) i flertall

Det finst ulike grupper linne verb, og her er eit stutt oversyn over samsvarsbøyingena deira:

a-verb:	han/ho er kasta han/ho er jaga	det er kasta det er jaga	dei er kasta dei er jaga
e-verb:	han/ho er brukta han/ho er ført/førda han/ho er dømd han/ho er bøygd	det er brukta det er ført det er dømt det er bøygta/d	dei er brukte dei er førte/førde dei er dømde dei er bøygde
j-verb:	han/ho er seld han/ho er smurd han/ho er skild	det er selt det er smurt det er skilt	dei er selde dei er smurde dei er skilde
kortverb:	han/ho er nådd han/ho er fødd han/ho er kledd	det er nådd/nått det er fødd/født det er kledd/kleddt	dei er nådde dei er fødde dei er kledde

Tips: Det verkar kanskje litt forvirrande at det somme stader er valfritt med -d eller -t (jf. ført/førda). Tipset mitt er å bruka former på -d i hankjønn og hokjønn, -t i inkjekjønn, og hugs fleirtal på -de. Nokre e-verb har -te i fleirtal (som dekte, hjelpte, trefte osb.), og der seier det seg sjølv at det skal vera -te og ikkje -de; vi ser at det er gale med *dekde, *hjelpte, *trefde).

Med andre ord: Samsvarsbøyning er ikkje så vanskeleg!

Telefon: 73 59 64 25
Åpningstider kl. 10.00 -11.30 og 12.30 -15.00

Besøksadresse:
Ekspedisjon: rom 3507
Dragvoll universitetssenter, Bygg 3, nivå 5

Postadresse:
Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap
NTNU
7491 Trondheim